



Budsjett 2024

Økonomiplan 2024–2027

**BJORNA
FJORDEN**



KOMMUNE

Framtidstru for Bjørnafjorden!

Tillit, samarbeid, entusiasme og framsnakk!

I stramme, krevjande og utfordrande tider må vi som kommune og samfunn ikkje mista fokus på samskaping, entusiasme og framtidstru! Bjørnafjorden må byggjast vidare på tillit, samarbeid, og den krafta som ligg i dei attraktive lokalsamfunna våre og det varierte næringslivet vårt. Ressurssane og resultatata kjem ved å skapa både i lag – og på lag.

Utvikling skjer kvar dag og vi opplever at fleire ser til Bjørnafjorden både for å busetja seg og ikkje minst for å etablere næring. Dette skal vi vera takksame for, og vi må forvalta det klokt og framtidsetta. Vi er stolte av det etablerte næringslivet vi har, og vi må fortsetja med å gjera oss attraktive for nye næringsetableringar og fleire arbeidsplassar, samstundes som vi tek vare på dei som allereie er etablerte.

Mange av oss har store forventningar til at utviklinga på Samnøy og i Lyseparken skal gagna innbyggjarane våre i mange, mange tiår, og skapa ringverknader og vekst i endå fleire næringsområde. Det er viktig at kommunen har tett og godt samarbeid med næringslivet på planarbeid og byggjesak, og at ein finn nye gode næringsområder i kommunen vår.

Tida vi lever i er spesiell. Dette pregar også svært mange av innbyggjarane i Bjørnafjorden. Det er usikkerheit kring både kommuneøkonomi, privatøkonomi og arbeid, og kvar veke høyrer vi om fleire som slit med å få økonomien til å gå i hop.

Når ein kjenner på økonomisk utryggleik for seg og familien, gjer det noko med ein. Når det i tillegg kjem endringar i kommunen sitt tenestetilbod, kan det skapa endå meir usikkerheit, og det kan utløyse både motløyse og redsel. Dette er viktige faktorar å vere klar over, både når det gjeld innbyggjarane og dei tilsette i Bjørnafjorden kommune. Kommunikasjon og rett informasjon blir svært viktige element for å tryggja både tilsette og innbyggjarar i dei omstillingstider som kommunen vår og resten av kommune-Noreg, kjem til å måtta gå gjennom dei neste tiåra.

Det er viktig at kvar og ein av oss løftar blikket og tenkjer gjennom nettopp kva vi sjølve kan bidra med. Kva samfunn skal Bjørnafjorden vera, og korleis kan kvar einskild av oss bidra og eventuelt påverka det?

Vi vil takka alle frivillige som engasjerer seg for andre. Det blir gjort enormt mykje godt arbeid for samfunnet vårt gjennom frivillig sektor, og vi kjem til å verta avhengige av at folk med interesse, kapasitet og restarbeidsevne er med på å byggja lokalsamfunna våre gode, trygge og attraktive. Dei fleste som engasjerer seg frivillig seier at det beste med å «ta eit tak» er at det gjer ein sjølv godt!

Tida vi no står i krev at vi har mange tankar i hovudet samstundes. Det er ei tid som krev at vi gjer endringar og søker nye løysingar– samstundes som vi i desse første åra brukar meir av sparepengane våre. Slik er det i krevjande tider i privatøkonomien– og slik må det vera når fellesskapet sin økonomi er sterkt pressa.

Overordna kommentarar til budsjettet

Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan viser tydeleg den økonomiske utfordringa kommunen har, men han har samstundes lagt fram eit budsjett utan eigedomsskatt. Arbeidarpartiet støttar dette. For innbyggjarane i kommunen vil ein eigedomsskatt no koma på toppen av alt høge og aukande kommunale avgifter, i tillegg til sterk prisvekst og renteoppgang. I budsjettet legg kommunedirektøren opp til å bruka ein god del midlar frå kommunen sine fond. Dersom det er ei tid for å bruka kommunen sine sparepengar, så er den tida komen no. Oppsparte midlar er nettopp meint å koma til nytte når dei økonomiske tidene vert tronge, og vi treng tid og ressursar til endå meir omstilling.

Arbeidarpartiet er einige med kommunedirektøren i at tida var moden for å ta gjennomgangar sektor for sektor, med bakgrunn i og kunnskapsgrunnlag frå PWC si kartleggjing. Vi må igjen snu kvar stein for å finna nye moglegheit, nytt handlingsrom, og nye måtar å arbeida og samhandla på. Vi må halda fram med å finna nye og endra måtar å få redusert kostnadene våre samstundes som vi får auka inntektene våre. På same tid må vi vera opne for og villige til å ta kostnadar som vi meiner kan føra til auka inntekter i andre enden, eller som er heilt naudsynte for å halda oppe beredskap, sikkerheit, tryggleik og utvikling.

Vi må ta innover oss og anerkjenna graden av endringstrøytteleik og usikkerheit hjå dei tilsette i kommunen. Det må gjevast god leiarstøtte og tryggleik rundt pågåande og planlagde endringsprosessar. Eit fortsett tett og godt samarbeid med dei tillitsvalde er heilt avgjerande i gode prosessar, og ein må igjen drøfta om det bør setjast inn auka ressursar både på HR og i tillitsvaltapparatet. Rett informasjon, involvering og anerkjenning er heilt essensielle faktorar for t.d. å kunna redusera sjukefråvær og behalda kompetanse. Tilretteleggjing for dei med nedsett funksjonsevne og inkludering av dei som står utanfor arbeidslivet, kan bli avgjerande for at vi klarer å bemanna kommunen slik at vi kan levera dei tenestene vi har ansvaret for.

Arbeidarpartiet gjer dei etterfølgjande endringane i kommunedirektøren sitt budsjettframlegg for 2024 og økonomiplanperioden 2024-2027:

Investeringsbudsjettet

Omsorg+

Arbeidarpartiet vil også i dette budsjettet synleggjera kor viktig det er å satsa på **Omsorg+ bustader**. Det er heilt naudsynt å få etablert fleire slike bustader raskt. Vi meiner at det fleire stader i kommunen vår kan setjast igang enkle og raske endringar, slik at ein kan tryggja fleire eldre, og spara driftskostnader i andre enden. Alternativ for rask etablering er Gamleheimshagen, Gymnasvegen, Eikhovdaheimen og Baldersheim helsetun. Butilbodet består av tilpassa husvære, fellesareal med moglegheit for aktivitetar og høve til sosialt fellesskap. Vi ser for oss at Omsorg+ vert gradvis fasa inn desse stadane. Noverande bebuarar skal ikkje flyttast mot sin vilje.

Vi vil synleggjera dette i framlegg til endring av investeringsbudsjettet der vi legg inn **5 millionar kvart år til Omsorg+** som ei byrjing. Dette vert dekkja inn gjennom auka sal av kommunal eigedom.

Hjelpemiddellager og base for heimetenestene

Vi er svært positive til dette prosjektet, men ser det som lite truleg at byggjinga kjem så langt i 2024 at det vil medføra behov alt første året for alle dei midlane som er sette av i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett. **Vi foreslår å forskyva delar av investeringa eitt år fram i tid, slik at det vert sett av 25 millionar i 2024 og 23 millionar i 2025.**

Investering Fjellheim

Arbeidarpartiet ser det som heilt naudsynt å investera i Fjellheim for å forhindra ytterlegare forfall av bygget. Det er inga hemmelegheit at Arbeidarpartiet ønskjer at det skal bli liv og lys i Fjellheim igjen, og då må bygget investerast i. **Vi vel å setja av kr 200 000 til naudsynt investering.** Dette vert dekkja inn gjennom auka sal av kommunal eigedom.

Kjeldesortering ved kommunale bygg

Omsynet til klima og miljø skal vera ramma rundt alt vi gjer. Den vedtekne KLEM-planen gjev føringar for Bjørnafjorden kommune. Det same gjer samfunnsplanen og arealplanar. Det er forventningar til kommunedirektøren på rapportering på klimarekneskap og arealrekneskap. Det er viktig at arbeidet med energisparetiltak held fram, og vi vil på nytt peika på viktigheita at alle våre nye kommunale bygg må etablerast med solenergi. Arbeidarpartiet meiner det er god bruk av klimafondet å nytta noko av midlane til å få etablert kjeldesortering i kommunale einingar. Vi som kommune må gå føre som gode eksempel, og vi vel å bruka inntil **kr 2 millionar fordelt på dei to neste åra, for å kunna starta med kjeldesortering i kommunale einingar, skular og barnehagar.**

Mikrohus

Vi er glade for at byggjing av **mikrohus** endeleg er vedteke og klar for igangsetjing i 2024. Utan at vi har motteke bustadsosial handlingsplan, veit vi likevel at behovet for fleire mikrohus er naudsynt både for å ivareta innbyggjarane våre, men også for å kunna driva

billegare og kutta utgifter til kjøp av t.d. hospitsplassar. **Arbeidarpartiet legg difor inn 4 millionar i nye midlar til investering i fleire mikrohus i investeringsbudsjettet i 2025.**

Sal av tomter/eigedom

Arbeidarpartiet er glade for at kommunedirektøren set fokus på eigedomsforvaltning i sitt investeringsbudsjett ved å peika på avhending av ueigna bustadmasse, og anskaffing av nyare og meir eigna bustader. Vi er også glade for at arbeidet med den bustadsosiale handlingsplanen vil koma til politisk handsaming våren 2024. Dette vil gje oss naudsynt kunnskap om framtidige investeringsbehov. Rett utnytting av eigedom, og rett mengd eigedom, vil vera økonomisparande. Eigedomsutvalet og formannskapet må få jamlege oppdateringar og saker til handsaming. Det er gjort mykje godt arbeid etter at ein fekk på plass kompetanse på eigedomsforvaltning, og Arbeidarpartiet har store forventningar til både framdrift for og inntekt til kommunen. Dette gjeld sal av allereie vedtekne eigedomar/tomter, men også framtidige nye objekt som t.d. i Lyseparken, Samnøy (gjennom BUS AS) og tomter som ligg i Fusa Utviklingsselskap si portefølgje. **Arbeidarpartiet vel difor å budsjettera med ein auke i inntekter frå sal av kommunal eigedom.**

Driftsbudsjettet

Driftsbudsjettet vert saldert med ein budsjettert auke i inntekter, samt med ein auka bruk av premiefondet (sjå tabellar s. 9 og 10).

Crux Vindfanget

Crux Vindfanget gjer ein svært viktig jobb for å få folk tilbake til yrkeslivet. Den samfunnsøkonomiske og sosiale verdien av dette arbeidet kan ikkje overvurderast. Kommunen sitt bidrag genererer fleire millionar frå andre bidragsytarar, og ein konsekvens av at dei kommunale midlane forsvinn vil vera at fleire andre bidrag i millionklassen gjer det same. **Arbeidarpartiet vel difor å oppretthalda budsjettposten på 1,5 millionar til Crux Vindfanget.**

Legevakt og kommunale legetenester Eikelandsosen

Arbeidarpartiet meiner at legevaktteneste i Eikelandsosen er heilt naudsynt i eit beredskaps- og tryggleiksperspektiv. Det er også ein samanhang med ØH-tilbod og legetenestene ved FBBS. I staden for nedleggjing må ein jobba vidare med ulike initiativ som kan bidra til kostnadsreduksjon. Dette kan vera å utvida samarbeidsordningar med fleire kommunar eller delar av kommunar som t.d. Bergen, Samnanger, delar av Kvam, delar av Kvinnherad og Tysnes. **Arbeidarpartiet stør difor ikkje kommunedirektøren sitt framlegg om å leggja ned legevakta i Eikelandsosen.**

Bevara bueiningane på Luranetunet

Det føregår allereie store omstillings- og endringssprosessar (Omstilling 25) innan Helse og omsorg. Denne eininga har vore gjennom svært mange endringar etter at SIO vart avslutta, rekrutteringsutfordringar, og stor auke i antall brukarar med store hjelpebehov.

Arbeidarpartiet meiner at det gode men også krevjande omstillingsarbeidet som blir gjort gjennom bl.a. TØRN-prosjektet og andre endringstiltak på institusjonane våre, no må få tid til å gjennomførast og evaluerast. Vi meiner at årsturnusprosjektet må få koma i gong og bli skikkeleg etablert, før nye føreslåtte nedtrekk som t.d. avvikling av buavdelingane på Luranetunet kan iverksetjast. Når det gjeld heimetenesta ønskjer vi å få nyttigjera oss erfaringane frå «Heima best»-prosjektet, og samstundes nytta kunnskapen ein får gjennom Velferdsteknologiprojektet.

Vi meiner det går ei grense både for organisasjonen, arbeidsmiljøet, og kvar einskild tilsett. Vi fryktar at ein med dette tempoet for endring, ikkje på noko vis vil greia å nå målsetjingane i høve reduksjon av sjukefråvær, bemanningssituasjon og vikarbruk. **Vi vel difor ikkje å stø kommunedirektøren sitt framlegg til utfasing av buavdelingane på Lurane.**

Behalda kommunalt reinhald på Fusa-sida

Arbeidarpartiet ønskjer ikkje å konkurranseutsetja dei kommunale tenestene. Dette var også ein del av den politiske plattformen vår inn i Bjørnafjorden kommune, og dette er vårt

primærstandpunkt. Reinholdarane er dessutan viktige vaksne inn i skulemiljøa og ungdomsmiljøa, og vi meiner at kommunen her mister viktig fagleg og fleksibel arbeidskraft, samt sosial og miljømessig kompetanse som ikkje kan synleggjerast i kroner og øre.

Arbeiderpartiet stør difor ikkje føreslegne kutt frå kommunedirektøren på kommunale reinholdstenester på Fusasida.

Pilot bemanningssentral øyremerka oppvekst

Arbeidarpartiet er svært glade for at eit av verkemidla i Omstilling 25 er å utvida og utvikla Bemanningssentralen. Ein auke i talet på fast tilsette i Bemanningssentralen vil redusera behovet for ringe- og tilkallingsvikarar, og det vil gje kontroll kring utfordringane knytt til variabel løn og bemanning. Det er gjennom faste tilsette at vi best kan sikra rett kompetanse og nok bemanning. Med færre ringevikarar kan ein ta ned administrative kostnader og tid som ein skal bruke til pleie og omsorg.

Arbeidarpartiet har i fleire budsjett bede om at oppvekst også blir innlemma i Bemanningssentralen. Dette meiner vi heilt klart vil styrkja sektoren og spara kostnader. Vi legg difor inn midlar til eit pilotprosjekt for å få dette i gang. Sektoren må sjølv finna ut om dei først vil testa dette ut innan eit spesifikt område eller eining, eller om ein vel å sjå på både barnehage, skule og SFO i same pilotprosjekt. Tryggleik for nok bemanning i barnehage og skule er svært viktig for rekrutteringa til sektoren.

Vi ber kommunedirektøren om å halda fram med utviklinga av Bemanningssentralen innan heile helse- og omsorgsfeltet. Vi ber kommunedirektøren om å starta opp pilotprosjekt for oppvekstområdet. **Vi set av kr 5 millionar årleg til pilotprosjektet for oppvekstsektoren i heile økonomiplanperioden.**

Skulestruktur

Arbeiderpartiet legg dei føreslegne nedtrekka inn igjen i vårt budsjett, i tråd med vedtak i kommunestyret 26. oktober 2023.

Elevar med store hjelpebehov

Barn med store hjelpebehov skal få den vaksenstøtta og tilrettelegginga dei treng i skulekvardagen sin. **Arbeidarpartiet stør difor ikkje kommunedirektøren sine føreslegne nedtrekk på dette viktige feltet.**

Torsdagsgruppa i skulen

Inkludering og samhald er viktig for å skapa gode dagar og opplevingar for alle barn i vår kommune. **Arbeiderpartiet vel difor å legge inn igjen midlar til Torsdagsgruppa i skulen.**

Ungdomsteamet

Barn og unge er framtida vår. Alle barn i Bjørnafjorden er våre barn. Kvar einaste dag utgjer dei tilsette i oppvekstsektoren ein forskjell for barna og ungdommane våre. Etableringa av

Familiens Hus har vore ein suksess. Det vert jobba svært godt tverrfagleg, og ein ser allereie store gevinstar av å kjenna kvarandre, jobba mot same mål, og vera «ei dør inn» for dei som treng hjelp, rettleiing og behandling.

Det er ei urovekkjande utvikling i ein del av ungdomsmiljøa våre, og ein ser at fleire treng hjelp, tydelege rammer og trygge vaksne. Skal vi greia å handtera samfunnsutfordringane vi står i, må vi sikra midlar til både førebyggjing og byggjing. Framtida vår i Bjørnafjorden treng fleire trygge vaksne som møter dei på rett arena. **Arbeiderpartiet vil reversera kuttet i Ungdomsteamet, og legg dette føreslegne nedtrekket inn igjen i vårt budsjettframlegg.**

Behalda kantinene på ungdomsskulane

Som ein del av førebyggjande, inkluderande og samlande tiltak, ser Arbeidarpartiet det som heilt feil å leggje ned kantinetilbodet på ungdomsskulane våre. **Arbeidarpartiet vil oppretthalde tilbodet om kantine på alle dei tre ungdomsskulane.**

Terapibad

Med å utvida tilbodet og gjera det godt kjent hjå innbyggjarane, kan ein auka inntektene frå dei kommunale badeanlegga monaleg. **Arbeidarpartiet stør ikkje kommunedirektøren sitt framlegg til nedtrekk.**

Vaktordning brannmannskap Eikelandsosen

Arbeidarpartiet vil behalda dagens vaktlagsordning ved brannstasjonen i Eikelandsosen, og stør ikkje kommunedirektørens framlegg til nedtrekk.

Midlar til frivilligheita

Samarbeidet med frivilligheita er svært viktig, både no og i framtida. Frivillige lag og organisasjonar gjer ein stor og viktig innsats for innbyggjarane. Vi som kommune må anerkjenna dette arbeidet, og vi må vera villige til å smøra dette store frivillighetstannhjulet. Alt heng saman med alt, og vi må samarbeida og samhandla for å skapa eit godt samfunn.

Arbeidarpartiet har difor årleg lagt inn 1 million kroner til frivillige lag og organisasjonar i heile økonomiplanperioden. Vi ber samstundes om at Tenesteutvalet får mynde til å avklara korleis desse ekstra midlane skal gjerast søkbare og tilgjengelege på best mogleg vis.

Lærlingar inkl. lærlingekoordinator

Bjørnafjorden kommune skal vera ein god og trygg arbeidsgjevar med heile faste stillingar. Ein auke i talet på lærlingar vil vera ei naudsynt investering i framtidig arbeidskraft, og heilt klart eitt av samfunnsoppgjora vi som kommune har!

Arbeidarpartiet legg også i dette budsjettet opp til eit nytt lærlingeløft, inkludert lærlinge-koordinator, på minst 2 millionar kroner årleg gjennom heile økonomiplanperioden.

Ekstra skatteinntekter

Arbeidarpartiet har tru på fortsatt god vekst i Bjørnafjorden, og legg difor inn ein auke i skatteinntektene i heile økonomiplanperioden.

Ekstra inntekter Havbruksfondet

Arbeidarpartiet budsjetterer med ekstra inntekter frå Havbruksfondet gjennom heile økonomiplanperioden.

Ekstra finansinntekter

Arbeidarpartiet legg inn ein generell auke (ekstra finansinntekter) i utbytte med 2 millionar kr basert på utbyttensnivå for 2023, for heile økonomiplanperioden.

Auke i gebyr bubilparkering

Arbeidarpartiet vel å auke inntjeninga til kommunen ved å auke pris på bubilparkering på Osøyro og i Eikelandsosen frå kr 275 til kr 350 per døgn.

Auke i gebyr meklarpakke

Arbeidarpartiet vel å auka inntjeninga til kommunen ved sal av meklarpakker og auka prisen per meklarpakke frå 2 225 kr til 3 500 kr.

Auke i inntekter frå utleige av basseng

Arbeidarpartiet budsjetterer med kr 150 000 i auka inntekter frå utleige og auka bruk av dei kommunale bassenga på Luranetunet og i Eikelandsosen.

Endringar i høve kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett (tal i 1000 kr)	2024	2025	2026	2027
INVESTERING				
Omsorg+ (dekkast gjennom sal av eigedom)	5 000	5 000	5 000	5 000
Hjelpemiddellager/base heimetenestene (forskyve bruk av midlar)	25 000	23 000		
Investering Fjellheim (dekkast gjennom sal av eigedom)	200			
Kjeldesortering ved kommunale bygg (dekkast v/ klimafondet)	1 000	1 000		
Mikrohus (ekstra investering i 2025)		4 000		
Sal av tomter/eigedom (budsjettert som ekstra inntekter)	8 000	5 000	5 000	5 000
DRIFT				
Helse: Crux Vindfanget	-	1 500	1 500	1 500
Helse: Legevakt (brutto) og komm. legetenester Eikelandsosen	7 375	11 450	11 450	11 450
Helse: Ikkje innføring av kompenseringar tiltak på legevakt Eikelandsosen	-1 100	-1 100	-1 100	-1 100
Helse: Bevara bueiningar Luranetunet	5 000	15 000	15 000	15 000
Oppv: Behalda kommunalt reinhald på Fusa-sida	780	1 100	1 100	1 100
Oppv: Pilot bemanningssentral øymerka oppvekst	5 000	5 000		
Oppv: Skulestruktur	3 995	8 810	8 810	8 810
Oppv: Elevar med store hjelpebehov	2 300	5 000	5 000	5 000
Oppv: Torsdagsgruppa i skulen	240	520	520	520
Oppv: Ungdomsteamet	620	1 360	1 360	1 360
Oppv: Behalda kantine på ungdomsskulane	-	-	-	-
Samf: Terapibad	250	250	250	250
Samf: Midlar til frivilligheita	1 000	1 000	1 000	1 000
Samf: Behalda vaktordning brann Eikelandsosen	1 000	1 000	1 000	1 000
Samf: Eigedom skulestruktur	840	1 675	1 675	1 675
Lærlingar inkl. lærlingekoordinator	2 000	2 000	2 000	2 000
Ekstra driftsinntekter:				
Ekstra finansinntekter	2 000	2 000	2 000	2 000
Ekstra skatteinntekter	15 000	20 000	25 000	30 000
Ekstra inntekter Havbruksfondet	8 000	8 000	8 000	8 000
Auke i gebyr bubilparkering (frå 275 til 350)	112,5	112,5	112,5	112,5
Auke i gebyr meklarpakke (frå 2 225 til 3 500)	637,5	637,5	637,5	637,5
Auke i inntekter frå utleige av basseng	150	150	150	150

Arbeidarpartiet: Budsjett 2024. Økonomiplan 2024–2027

	Endringer i driftsbudsjettet					
	2024	2025	2026	2027		
Helse: Bevara Crux Vindfanget	kr	-	kr	1 500 000	kr	1 500 000
Helse: Bevara legevakt og komm. legetenester Eikeklandsosen	kr	7 375 000	kr	11 450 000	kr	11 450 000
Helse: Bevara bueriningar Luranetunet	kr	5 000 000	kr	15 000 000	kr	15 000 000
Helse: Ikkje innføring av kompenserte tiltak på legevakt Eikeklandsosen	-kr	1 100 000	-kr	1 100 000	-kr	1 100 000
Oppv: Behalda kommunalt reinhald på Fusa-sida	kr	780 000	kr	1 100 000	kr	1 100 000
Oppv: Flerna nedtrekk for elevar med store hjelpebehov	kr	2 300 000	kr	5 000 000	kr	5 000 000
Oppv: Pilot bemanningssentralen øyremetka oppvekst	kr	5 000 000	kr	5 000 000	kr	5 000 000
Oppv: Behalda skulestruktur	kr	3 995 000	kr	8 810 000	kr	8 810 000
Oppv: Ta bort nedtrekk for torsdagsgruppa i skule	kr	240 000	kr	520 000	kr	520 000
Oppv: Flerna nedtrekk for ungdomsteamet	kr	620 000	kr	1 360 000	kr	1 360 000
Samf: Behalda terapibad	kr	250 000	kr	250 000	kr	250 000
Samf: Midlar til frivilligheita	kr	1 000 000	kr	1 000 000	kr	1 000 000
Samf: Vaktordning brann Eikeklandsosen	kr	1 000 000	kr	1 000 000	kr	1 000 000
Samf: Eigeidom skulestruktur	kr	840 000	kr	1 675 000	kr	1 675 000
Lærilingar inkl. lærlingkoordinator	kr	2 000 000	kr	2 000 000	kr	2 000 000
Ekstra finansinntekter	-kr	2 000 000	-kr	2 000 000	-kr	2 000 000
Auke i inntekter frå utleige av basseng	-kr	150 000	-kr	150 000	-kr	150 000
Auke i gebyr budilparkering (frå 275 til 350)	-kr	112 500	-kr	112 500	-kr	112 500
Auke i gebyr meklarpakke (frå 2225 til 3500)	-kr	637 500	-kr	637 500	-kr	637 500
Havbruksfondet ekstra	-kr	8 000 000	-kr	8 000 000	-kr	8 000 000
Ekstra skatteinngang	-kr	15 000 000	-kr	20 000 000	-kr	25 000 000
Sum	kr	3 400 000	kr	23 665 000	kr	13 665 000
Saldo premiefond 31.12 med vårt budsjett	kr	133 698 000	kr	72 737 000	kr	38 490 000
Saldo premiefond 01 01	kr	202 899 000	kr	133 698 000	kr	72 737 000
Budsjettet bruk kommunedirektøren	-kr	65 801 000	-kr	37 296 000	-kr	20 582 000
Vår ekstra budsjetterte bruk	-kr	3 400 000	-kr	23 665 000	-kr	13 665 000
Total bruk av premiefond med vårt budsjett	-kr	69 201 000	-kr	60 961 000	-kr	34 247 000
Saldo premiefond 31.12 med vårt budsjett	kr	133 698 000	kr	72 737 000	kr	38 490 000
						12 261 000

Framlegg til vedtak

1. Bjørnafjorden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2024/økonomiplan 2024–2027, justert for dei endringane som kjem fram i dette dokumentet.

Verbalforslag

Dersom budsjettet ikkje får fleirtal, ber vi om at desse etterfølgjande verbalforslaga vert voterte over separat og punktvis.

1. Vi ber kommunedirektøren om å sørge for tilgang til Framsikt sin modul for politiske parti til å produsera budsjett for 2025 og vidare framover.
2. Vi ber kommunedirektøren ha sterkt fokus på arbeidsmiljø og sjukefråvær, og aktivt nytta seg av tilboda frå NAV for å styrka personalomsorga og nærværarbeidet i kommunen. Det er viktig å anerkjenna endringstrøytteik hjå dei tilsette etter kommune-samanslåing, Bjørnafjorden 22 og Omstilling 25-arbeidet som pågår. Det er viktig at det vert gjeve god leiarstøtte og tryggleik rundt omstillingsprosessane. Eit tett og godt samarbeid med dei tillitsvalde er heilt avgjerande. Vi ber kommunedirektøren drøfta om det bør setjast inn auka ressursar både på HR og i tillitsvaldapparatet.
3. Vi ber kommunedirektøren om å halda fram med utviklinga av Bemanningssentralen til å omfatta fleire områder innan Helse og velferd, og i tillegg starta arbeidet med å utvida tilbodet til å omfatta oppvekstområda barnehage, SFO og skule.
4. Vi oppmodar kommunedirektøren til å halda fram arbeidet med å få etablert ei felles takstsone for kollektivtrafikken i heile kommunen. Det vil vera eit godt bidrag til den felles kulturbyggjinga i kommunen, og vil redusera trafikkutgifter for folk.
5. Vi ber kommunedirektøren om å halda trykk på arbeidet med å etablere kollektivterminal og planlegging av parkering i fjell på Osøyro, og etablere fleire innfartsparkeringar i kommunen.
6. Vi ber om at kommunen sine rammekontraktar/rammeavtalar blir gjort synlege på kommunen sine heimesider. Informasjon må visa type kontrakt, leverandør og tenestoområder. Informasjonen må også vise start/sluttdato inkludert eventuelle opsjonsvilkår.
7. Bjørnafjorden kommune har eit stort samfunnsansvar når det kjem til kvalifisering av arbeidskraft. Vi ber om at Bjørnafjorden kommune sitt måltal for talet på lærlingar skal vera minst 2 pr. 1000 innbyggjarar.
8. For å sikra kjeldesortering i Bjørnafjorden må kommunen gå føre med eit godt eksempel. Midlar skal hentast frå klimafondet for å kunna starta med kjeldesortering i kommunale einingar, skular og barnehagar. Dette vil vera eit viktig bidrag til haldningsskapande arbeid mot barn og unge. Det skal også stimulerast til kompostering der det er mogleg.
9. Vi ber om at kommunen vidarefører og opprettar tettare samarbeid med frivilligheita og grunneigarar for å koma vidare med m.a. planarbeid for realisering av turvegen Skjelbreid–Eikelandsosen i løpet av 2024.
10. Vi som kommune må sjå verdien av samarbeid med ideelle samarbeidspartnarar som Crux Vindfanget innafor rus, psykiatri og arbeidstrening. Slike samarbeid vil spare

kommunen for store utgifter på sikt. Vi ber om at bevillinga til Crux Vindfanget vert lagt inn igjen i budsjettet frå 2025.

11. Vi ber om at kommunedirektøren får fullmakt til å utgreia om det også kan vera andre nabokommunar eller delar av nabokommunar som kan vere aktuelle å knyta til Legevaktstasjonen i Eikelandsosen eller på Moberg.
12. Vi ber kommunedirektøren om å omdisponera 1 million kroner frå formannskapet's disposisjonsfond i 2024 til ein frivillighetspott. Tenesteutvalet får i oppdrag å avgjera korleis desse midlane skal fordelast og disponerast.
13. Vi ber kommunedirektøren vera bevisst på måten det vert bygt i landskapet på, og ha auka fokus i arealplanleggjinga på naturområde som held jorda på plass, lagrar karbon, beskyttar mot erosjon og som er viktig for handtering av overvatn og flaum.
14. Vi ber kommunedirektøren ha eit ekstra fokus på universell utforming som sikrar alle tilgang til sjø og strand.